

## Os kommune

Oppvekst og kultur

Os, 12.09.2017

### Aktivitetsplan

Med over 1000 medlemmar har Os Turlag gjennom eigne heimesider program for arrangement og organiserte turar. Nokre av desse er:

- Lett tur for pensjonistar- i samarbeid med LHL
- Tysdagstur for alle aldrar
- Trilletur for småborns foreldre
- Helgeturar til andre stader i Hordaland
- Kom deg ut dagen, i samarbeid med kommune og andre organisasjoner
- Opptur for 8.klassingar. Os Turlag legg til rette ein dag for skuleungdom for å bli kjend med friluftsliv.

Skulane:

Skulane i Os nyttar mykje nærområda til tur og anna aktivitet i skog og mark. Ein kan nemne Rødsfjellet, Borgafjellet, Møsnuken, Liafjellet og Lyshornet som nokre av dei fjella som vert mykje nytta som turalternativ blant skulane. Inne på Møsnuken ligg det eit flyvrak frå 2.verdskrig som elevane går til for å få sjå og lære om.

Postkassar: Dei fleste toppane i Os har postkassar der ein kan skrive seg inn i.

Parkeringsplassar. På Ut.no vil det bli informert om kvar ein kan parkere for dei ulike turane ein ynskjer å gå.

Roar Haugsgjerd

Konsulent idrett og friluftsliv

Os kommune